Fylkesmannen i Vestland

Vår dato: 03.12.2020
Vår ref: 2020/4766
Dykkar dato:
Dykkar ref: Klaus Nyhammer

BLOM SETTEFISK AS
Ulvøyvegen 130
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom N Pedersen, 5557 2119

Inspeksjonsrapport
Inspeksjon ved Blom Fiskeoppdrett AS på lokalitetane Skålvik og Strømsnes
Kontrollnummer: 2020.363.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Klaus Nyhammar
Ivar Emil Sangolt
Ingrid Landro

Frå Fylkesmannen i Vestland :
Tom N. Pedersen
Gunn Helen Henne

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved settefiskanlegga i Skålvik og Strømsnes den 12.10.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka eit avvik og ga ingen merknad under inspeksjonen.

- **Avvik:** Grensene for årlege utslepp i løyvet er overskridne på lokaliteten Skålvik

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 3 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Gunn Helen Henne	Tom N Pedersen
senioringeniør	seniorådgjevar

Kopi av rapporten skal sendast til:

- Øygarden kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Blom Settefisk AS	
Organisasjonsnr.: 994361716	**Eigd av:** 936100112
Bransjenr. (NACE-kode): 03.211	

Kontrollerte einingar

Namn: Lokalitetane Skålvik og Strømsnes	**Anleggsnr.:** 4626.0065.03 (Skålvik), 4627.0071.01 (Strømsnes)
Kommune: Øygarden	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Settefiskproduksjon	
Løyve gitt: 12.06.2017 (Skålvik) og 18.11.2016, endra 19.10.2017 (Strømsnes)	

2 Bakgrunn for inspeksjonen

Utsleppsløyva gitt til landbasert produksjon av settefisk, postsmolt og matfisk dei siste åra har krav om reinsing og rapportering av utslepp til Fylkesmannen. I 2020 har Fylkesmannen ført kontroll med utsleppraportеringa hjå fleire anlegg. Første trinn var å etterlyse rapporteringa som skal gjerast innan 1. mars kvart år. Inspeksjon av anlegga er eit neste trinn av kvalitetssikringa av dei data som vart rapporterte.

Inspeksjonstema

- Utsleppsløyvet, vilkår om utslepp og reinsing
- Internkontroll
- Slamhandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3 Oppfølging etter inspeksjonen

Blom Settefisk AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Blom Settefisk AS innan 15. januar 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta eller kva tiltak som er planlagde.

4 Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 5. oktober 2020. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Blom Settefisk AS betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5 Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til (jf. offentleglova). Inspeksjonsrapportar blir også tilgjengelege på Miljødirektoratet sin database *Norske utslipp* på www.norskeutslipp.no.

6 Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Grensene for årlege utslepp i løyvet er overskridne på lokaliteten Skålvik

Avvik frå: utsleppsløyvet for lokaliteten Skålvik punkt 2.3 og 3.1., og internkontrollforskrifta § 5, andre ledd nr 7

Kommentar til regelverket

Utsleppsløyvet punkt 3.1 set grenser for anlegget sine årlege utsleppsmengder til resipient. Desse er rekna ut frå produksjonsramma på 500 tonn biomasseproduksjon og samstundes avgrensa til eit maksimalt fôrforbruk på inntil 500 tonn. Utsleppsløyvet punkt 2.3 føreset også at utsleppa skal vere i samsvar med mengd produsert fisk (krav om mengdeproporsjonalitet). I nyare løyve er dette konkretisert og utrekna til spesifikke utslepp.

Internkontrollforskrifta § 5 krev at verksemder skal ha ein internkontroll som er tilpassa verksemda sin art, aktivitetar, risikoforhold og storleik. Internkontrollen skal dokumenterast i den form og det omfang som er nødvendig. I § 5 andre ledd punkt 7 er det kravd skriftleg dokumentasjon for verksemda sine rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav som følgjer av helse-, miljø- og tryggleiksregelverket.

Observasjonar
Blom Settefisk AS leverte rapport for utslepp frå lokaliteten Skålvik for 2019. Tabell 1 syner rapporterte utslepp og grenser i løyvet. I tillegg har vi rekna ut tala for spesifikke utslepp og samanlikna med vilkåra i utsleppsløyvet.

***Tabell 1**: Utsleppa frå settefiskanlegget på Skålvik*

Utsleppskomponent	Årlege utslepp		Spesifikke utslepp*	
	Grense i løyvet	Rapportert 2019	Løyvet	Rapportert 2019
Nitrogen	14,5 tonn	13,9 tonn	29 kg	54 kg
Fosfor	1,5 tonn	2,0 tonn	3,0 kg	7,8 kg
TOC	13,5 tonn	24 tonn	27 kg	92 kg

* Alle tal er oppgjevne som kg/tonn biomasseproduksjon og rekna ut av Fylkesmannen

Produksjonen i 2019 var lågare enn maksgrensa i løyvet, medan utsleppa av fosfor og TOC var noko høgare enn grensa i løyvet. Det vart produsert 257 tonn fisk medan løyvet har ei ramme på 500 tonn. Dei spesifikke utsleppa blir dermed høge.

Blom Settefisk as har eit sjølvstendig ansvar for å halde seg innafor dei utsleppsgrensene som er sette. Avviket frå internkontrollen ligg i at Blom Settefisk ikkje sjølv har oppdaga og meldt frå at dei ikkje stettar vilkåra i løyvet.

7. Dokumentunderlaget

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:
- Forureiningslova
- Utsleppsløyva for dei to anlegga

8 Anna

Om grensene for utslepp som er sett i løyva
Utsleppsløyva er tufta på opplysningar gitt i søknad og på eksisterande kunnskapsgrunnlag då løyva vart gitt. Fylkesmannen arbeider med kunnskapsinnhenting og standardisering av utrekning av utslepp og utrekning effekten av reinsetiltaka. Vi ser i dag at det er mange utsleppsløyve som må endrast. Både næringa og miljøforvaltinga opparbeider kunnskap som gjer det mogleg å setje meir realistiske grenser i utsleppsløyva og ha meir realistiske forventningar til effekten av reinsetiltaka.

Den utsleppsreduksjonen som er lagt til grunn ved tildeling av utsleppsløyva for Skålvik og Strømsnes ser Fylkesmannen at kan bli svært vanskeleg å klare. Dei rapportane vi har fått inn i denne tilsynsaksjonen syner at det ikkje er mogleg å få til så store utsleppsreduksjonar som føresett i løyva til dei enkelte anlegga. Blom Settefisk AS har ansvar for å søke om endringar i løyvet dersom

dei ikkje kan innfri dei krava som er sette i løyvet. Vi føreset ein vidare dialog med verksemda om dette.

Om flokkulant
Reinseanlegget på Skålvik har ei synleg og oversiktleg produksjonsline. Avløpsvatnet blir filtrert, konsentrert og tørka. Før konsentrering i avvatningsskrue blir slammet tilsett ein polymer. Produktet som blir nytta, Flopam EM 840 CT, består av eit syntetisk polyacrylamid. Middelet er m.a. nytta i samband med vassbehandling i avløpsanlegg. Polymersambindinga skal vere inert, men det er noko usikkerheit knytt til om sambindinga kan frigjere acrylamid.

Om lokaliteten Strømsnes
Ombygginga av lokaliteten Strømsnes på Askøy er utsett. Blom Settefisk AS hadde møte med Fylkesmannen 17. oktober 2018 og sende etter det møtet ein førespurnad om forlenga frist for å implementere reinseanlegget på lokaliteten. I tillegg har ein flaumsituasjon på lokaliteten i vår ført til skade på anlegget med vasslekkasje. Heile anlegget må teiknast på nytt.